

Møtereferat frå oppstartsmøte

| | |
|--------------------------------------|--|
| Plannamn | Detaljregulering for Saurdal hytteområde |
| Plan-ID | |
| Saksnummer (Nordplan/kommune) | 19145 |
| Utarbeidd av | Nordplan AS |
| Datert | 05.06.2019 |

Tysdag 4. juni vart det heldt oppstartsmøte i samband med utarbeiding av detaljreguleringsplan for Saurdal hytteområde i Balestrand kommune.

På møtet stilte følgjande representantar:

| | |
|-----------------------|--|
| Arne Abrahamsen | Leiar for plan og utvikling ved Balestrand kommune |
| Jørgen Hundseth | Skogbrukssjef ved Balestrand kommune |
| Joakim Systaddal | Nærings- og samfunnsutviklar ved Balestrand kommune |
| Arvid Tveit | Arealplanleggar og prosjektleiar ved Nordplan avd. Førde |
| Liv Jorunn Seljevoll | Arkitekt og prosjektmedarbeider ved Nordplan avd. Førde |
| May-Britt Drage Bakke | Arealplanleggar og prosjektmedarbeider ved Nordplan avd. Eid |

Tema for møtet:

Under møtet gjekk kommunen sine representantar gjennom konkurransegrunnlaget for prosjektet. Følgande tema vart trekt fram som viktig for det vidare planarbeidet:

- Det er etablert 10 km med skiløype og eit barneskitrekk innanfor feltet og området blir nytta til langrenn og toppturar, samt frikøyning.
- Kommunen ønskjer ikkje eit tradisjonelt hyttefelt, men at det skal leggast vekt på ein grøn profil og tilrettelegging for aktivitet som kan bidra til å styrke reiseliv og næring i Balestrand.
- Særpreget som urskogen representerar skal ivaretakast i planen.
- Det er områder som i dag er rydda for bjørkeskog og har blitt nytta til frikøyning, samt skiløyper. Desse skal visast omsyn til i planen.
- Kommunen ønskjer å legge til rette for sommaraktivitetar som t.d. fiske og terrengsykling.
- Av naturgjevne kvalitetar vart det trekt fram at området ligg sørvendt og har gode solforhold, i tillegg til unik fjordutsikt.
- Kommunen har sett på utviklingskonseptet for Stokkøya i Trøndelag som inspirasjon for plangrep for Saurdal hytteområde.

Utfyllande om føresetnader for planarbeidet framgår av nemnte konkurransegrunnlag og skal følgast opp i det vidare planarbeidet.

Vidare framkom følgende informasjon og avklaringar:

- **Historikk og eksisterande situasjon**
 - Kommunen kjøpte for om lag 20 år sia ein gard ved Kvamsøy og delar av planområdet er omfatta av ein teig som følgde denne eigedomen.
 - Om lag 180 daa vart sett av til hytteutbygging innanfor nemnte eigedom og er del av planområdet.
 - Eksisterande skogsveg vart bygd på 70 -talet og har klasse 5 (sommartilveg).
 - Det er i dag sambruk på vegen og fastsette tider for opp- og nedkøyring (timekøyring) på vegen. Dette er tenkt vidareført.
 - Skogsvegen har 14 % stigning på dei brattaste partia og er 4 meter brei. Dei seinaste åra har det blitt utført breiddeutviding i svingar.
 - Nemnte veg blir pløgd og strødd om vinteren.

- **Framtidig planløsning**
 - Grunneigarane for dei resterande teigane som inngår i planområdet ønskjer òg at deira areal blir vurdert til hytteutbygging i framtidig plan. Eigedomen nord i planområdet som er eit sameige skal regulerast til friområde.
 - Tilkomstveg skal etablerast med maks stigning 14% og vegbreidde 4m.
 - Eigarforhold på framtidig veg er ikkje avklart på dette tidspunkt.
 - Det er ikkje naudsynt at alle hyttene skal få tilkomstveg, men at det heller blir etablert enkel traktorveg som kan nyttast på sommarhalvåret for køyretøy. Det kan òg vere aktuelt at nokre hytter berre har tilkomst til fots.
 - I planomtalen skal ein vektlegge at området er del av eit viktig barskogområde. Naturverdiar og naturtypar må følgast opp i planen.
 - I planprosessen må ein vurdere om ein skal opne for noko høgare utnytting på delar av feltet (for større hytter).
 - Kommunen har ikkje fastsett ønska tal for hytter, men i eldre skisse som vart vist til under møtet var det lagt til rette for 60-70-hytter. Antal hytter skal vurderast av Nordplan i planprosessen.
 - Ein må òg vurdere storleiken på hyttetomtene og kva planfagleg løysing som blir best for å sikre at viktige naturelement og urskog blir take vare på ved framtidig utbygging.
 - Ønskjer å opne for skiløype frå hytteområdet til skitrekke.
 - Ønskje ikkje etablering av kommunalt vassverk i området, men opne for boring etter vatn.

- Det er straum til området i dag og etablert ein trafo i enden av køyrevegen. Kommunen ønskje ikkje å legge til rette for høgspenlinje, men kabel. Denne bør vurderast å leggast i skiløypa.

Det vart vidare avklart at kommunen skulle sende over følgjande i etterkant av møtet:

- Planavgrensing (SOSI-fil er ønskjeleg)
- Grunnlagskart
- Varslingsliste

Nordplan utarbeider møtereferatet.

I etterkant av møtet vart det gjennomført synfaring i delar av planområdet. I tillegg til Nordplan sine representantar, stilte skogsansvarleg J. Hundseth og nærings- og samfunnsutviklar J. Systaddal. Under synfaringa vart det mellom anna fokusert på bevaring av særpreg/urskog i planområdet, samt framtidig vegløyning for hytter.

I tillegg vart det avtalt at framtidig utstikking av vegløyning skal bli gjennomført i samarbeid med Hundseth.

*Møtereferat utarbeidd av Nordplan AS
v/ May-Britt Drage Bakke*